



**Notat**

Dato: 19.03.2014  
Arkivsak: 2014/13927-1  
Saksbehandlar: ariseks

---

Til: Fylkesutvalet

---

Frå: Fylkesrådmannen

---

## **Vurdering av bruk av slagord for Hordaland fylkeskommune**

Ein viser til melding 200905365-32 i fylkesutvalet 31. okt., 2013.

Spørsmålet om evt bruk av slagord har gjennomgåande vore knytt til arbeidet med identitet, visuell profil og utvikling av verbale/skriftlege formuleringar for Hordaland fylkeskommune (HFK) sin kommunikasjon.

Fylkeskommunen vart beden om konsultere eksternt miljø. Dette har vi gjort, og fylkeskommunen vart tilrådd av eksternt kommunikasjonsmiljø (NeoLab AS) at ein ikkje tek i bruk eit fast slagord, men heller let HFK sin visjon («Vi utviklar Hordaland») og verdiar («kompetent/offensiv/i dialog») prege kommunikasjonen eksternt og internt. Dette praktiserer fylkeskommunen i dag, mellom anna i eit profilkonsept som er teke i bruk på fylkeshuset sine vindaugeflater. Der vert fylkeskommunen si omfattande verksemeld synleggjort med bilet og knytt til tydelege tags/tekstar som «Dei vidaregåande skulane vert utvikla av Hordaland fylkeskommune», «Tannhelsetenesta vert utvikla av HFK», «Kulturlivet vert støtta av HFK», osb. Dette er, i praksis, eit fleksibelt slagordskonsept der ein ikkje låser seg til ei fast formulering som lett kan verte gjenstand for harselering. Det er òg eit konsept som kan nyttast i ulike kanalar og profilflater.

Kommunikasjondirektøren har starta anbudsprosess for å inngå ei fast rammeavtale med eit reklame/kommunikasjonsbyrå som vert samarbeidspartner i vidareutvikling av HFK sin visuelle profil og profilerande kommunikasjon med omverda. Slik utvikling skjer kontinuerleg i dei fleste større selskap og organisasjonar, og i Hordaland fylkeskommune vil kommunikasjonsseksjonen ivareta dette arbeidet.

Fylkesrådmannen vil i framtida orientere fylkesutvalet om vesentlege nye steg i profilutviklinga.

